



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 18.04.2016
Vår ref: 15/00123-10
Deres ref:

Høyring av søknad frå Syltemoa Sandtak AS om driftskonsesjon for Syltemoa i Norddal kommune

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 40 50

E-POST mail@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter § 43 i lov om erverv og utvinning av mineralressurser (minerallova) frå Syltemoa Sandtak AS, datert 15. desember 2014.

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på DMF si heimeside <http://www.dirmin.no/> under "Saker til høyring". Høyringsinstansane kan få tilsendt papirutgåve av søknaden ved førespurnad.

Høyringsfristen er **måndag 23. mai 2016**.

Søknaden

Syltemoa er lokalisert på gnr./bnr. 27/1, 27/3 og 27/5 i Norddal kommune. Størrelsen på området som det søkaste om driftskonsesjon for er 186, 4 daa.

Førekomsten er en breelavsetning med materiale som egner seg godt til betongtilslag. Anslått totalvolum for uttaket er 3 100 000 m³ masse. Forventa årlig uttak er 100 000 m³.

I søknaden oppgir søkar at området som det søkaste om driftskonsesjon for i kommuneplanens arealdel er bestemt til LNF og råstoffutvinning. Vidare oppgir søkar at reguleringsplan for området er under utarbeiding.

DMFs behandling av søknaden

Formålet med minerallova er å fremme og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om berekraftig utvikling.

DMF er konsesjonsstyresmakt i saker med samla uttak av mineralførekomst på meir enn 10 000 m³ masse og for alle uttak av naturstein.

DMF sender søknadene, inkludert driftsplanar, på høyring til aktuelle høyringsinstansar jf. forvaltningslova § 17. Dette vil normalt vere grunneigaren og andre kjende rettshavarar, eigarar, drivarar og bebuarar og andre kjende rettshavarar på



naboeigedommar som kan bli påverka, i tillegg til kommunen (kommunane), fylkeskommunen og statlege forvaltningsorgan.

Søkjaren får høve til å kommentere innkomne høyringsfråsegnar før DMF gjer vedtak.

Innkomne konsesjonssøknader blir underlagde ei skjønsmessig prøving hos DMF før vi avgjer om vi skal gi driftskonsesjon. Ved vurderinga av om vi skal gi driftskonsesjon, legg vi vekt på om søkjaren er «skikka» til å utvinne førekomsten, det vil seie om prosjektet verkar gjennomførleg økonomisk, om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. Ved vurderinga av om vi skal gi driftskonsesjon, skal vi òg leggje vekt på

- kva innverknad tiltaket vil ha på verdiskaping og næringsutvikling
- kva innverknad tiltaket eventuelt vil ha på naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- kva innverknad tiltaket vil ha på omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva konsekvensar ei utvinning vil ha for miljøet
- kva for planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

Dersom DMF gir driftskonsesjon, er det normalt knytt vilkår til denne, jf. minerallova 43. Vilkåra omfattar blant anna krav om driftsplan, økonomisk garanti osv.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gitt i medhald av minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgiving. Det er søkjaren som har ansvaret for å innhente slike løyve.

Nærmare om høyringsfråsegnene

Vi oppfordrar høyringsinstansane til å komme med grunngitte synspunkt på om DMF bør gi konsesjon eller ikkje, under dette komme med konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår som bør stillast med tanke på det ansvarsområdet den aktuelle instansen er sett til å forvalte. Frå private partar ber vi òg om innspel dei reknar som relevante ut frå konkrete forhold i den aktuelle saka. Dersom høyringsinstansen er kjend med forhold som ikkje er tilstrekkeleg klarlagde i søknaden, ønskjer vi opplysningar om det.

Generelle kommentarar knytte til arealbruk i området skal ikkje vurderast ved ein søknad om driftskonsesjon. Dette er sikra gjennom plan- og bygningslova. Synspunkt knytte til kommunens allereie vedtekne arealdisponering (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan) vil vi derfor ikkje leggje særleg vekt på ved vurderinga.

Vi ber kommunen spesielt informere oss snarast mogleg om det finst særleg påverka partar som ikkje står på adresselista. I tillegg ber vi kommunen informere oss om status for reguleringsprosessen.

Naturmangfoldloven § 7 pålegg alle myndigheitsinstansar som fattar avgjerder som har verknadar for naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfoldloven §§ 8-12.



DMF ber kommune og fylkesmann opplyse om det er kjente naturverdiar i området som uttaket kan ha følgjer for.

DMF ber fylkeskommunen opplyse om det finnast kjente kulturminner som uttaket kan ha følgjer for. Søker har informert DMF om at øst for uttaket ligg Olavsvegen, som er eit automatisk freda kulturminne.

Innsending av høyringsfråsegner

Vi ber om at høyringsfråsegna blir send innan fristen **måndag 23. mai 2016**, på e-post til **mail@dirmin.no** eller ordinær post til: **Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim.**

Delar av høyringsfråsegner kan bli siterte i vedtaket om å gi konsesjon eller ikkje. Dersom fråsegna er omfattande, er det derfor ein fordel om det blir utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

For nærmere informasjon om mineralloven med tilhørende forskrifter, se hjemmesiden vår på www.dirmin.no.

Vennlig hilsen

Ingeborg Solberg
seniorrådgiver

Marit Ollestad
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.
Saksbehandler: Marit Ollestad



Mottakere:

Norddal kommune	Postboks 144	6211 VALLDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404 MOLDE
Randi Slåen	Gabbrostien 17	2611 LILLEHAMMER
Steinar Slåen	Gabbrostien 17	2611 LILLEHAMMER
Christoph Antonius Køsling	Sjusjøvegen 95	2372 BRØTTUM
Norges vassdrags- og energidirektoratet Region Midt-Norge	Vestre Rosten 81	7075 TILLER
Statens vegvesen Region midt	Fylkeshuset	6404 MOLDE
Irina Martinova	Skulebrauta 36	6210 VALLDAL
Vadims Morohins	Skulebrauta 36	6210 VALLDAL
John Inge Smoge	Skulebrauta 32	6210 VALLDAL
Bjarne Ødegård	Skulebrauta 30	6210 VALLDAL
Remseth Eiendom AS	Valldalsvegen 69	6210 VALLDAL
Mørenett AS	Valldalsvegen 73	6210 VALLDAL
Sylte Eiendom ANS	c/o Gerd MelchiorDalssida 30	6214 NORDDAL
Karl Jostein Rødset	Postboks 39	6211 VALLDAL

Kopi til:

Syltemoa Sandtak AS	Postboks 107	6210 VALLDAL
---------------------	--------------	--------------